



Innkjøpsstrategi

2023 -2027

Vedteken av Vik kommunestyre 7.7.23 (sak 063/23)

Innhald

1	Samandrag.....	3
2	Status mai 2023.....	3
3	Utfordringar.....	4
4	Rammer	4
4.1	Lov om offentlege anskaffingar.....	4
4.2	Lokale vedtak.....	5
4.3	Forpliktande avtalar	5
5	Overordna mål.....	5
6	Fokusområde.....	5
6.1	Samfunnsansvar	5
6.2	Miljøansvar	5
6.3	Gode og rette innkjøp	6
6.4	Lokalt næringsliv.....	6
6.5	Avtalelojalitet og volumgevinst.....	6
6.6	Samarbeid.....	7
6.7	Innovative anskaffingar	7
6.8	Oppfølging av kontraktar	7
7	Ansvarsdeling	8
7.1	Innkjøpsansvarleg.....	8
7.2	Leiarar.....	8
8	Aktuelle lenker	8

1 Samandrag

Denne innkjøpsstrategien gir overordna føringar for kommunen sine innkjøp. Strategien har 8 fokusområde i prioritert rekkefølge:

1. **Samfunnsansvar:** Vik kommune er ein stor innkjøpar som skal vera medviten sitt samfunnsansvar.
2. **Miljøansvar:** Vik kommune skal syte for at kommunen kjøper klima- og miljøvennlege produkt og tenester.
3. **Gode og rette innkjøp:** Gjennom fokus på gode innkjøpsprosessar skal me finne dei rette løysingane som dekkjer behova våre.
4. **Lokalt næringsliv:** Vik kommune skal leggje til rette for at lokalt næringsliv får høve til å delta i konkurransar så langt det let seg gjera innanfor regelverket.
5. **Avtalelojalitet og volumgevinst:** Der me har rammeavtalar skal me ikkje handle med andre leverandørar. Rammeavtalane skal sikre oss reduserte prisar gjennom volum.
6. **Samarbeid:** Vik kommune skal samarbeide med andre kommunar, fylkeskommunar eller statlege organ der det er naturleg med tanke på eigen ressursbruk og kompetanse. Kommunen samarbeider også med eksterne rådgivarar om gjennomføring av konkurransar når dette er naturleg.
7. **Innovative anskaffingar:** Me skal tenkje nytt og vere opne for nye løysingar.
8. **Oppfølging av kontraktar:** Auka fokus på oppfølging av kontraktar skal sikre at Vik kommune sin ressursar vert nytta effektivt og at leveringane held god kvalitet.

Denne innkjøpsstrategien er grunnlaget for innkjøpsreglementet til Vik kommune.

Alle som kjøper inn varer og tenester på vegne av Vik kommune skal følgje innkjøpsstrategien og innkjøpsreglementet.

Strategien deler ansvaret for innkjøp mellom innkjøpsansvarleg i kommunen og leiarane for sektorane/tenestene. Strategien vektlegg innkjøpsansvarleg i kommunen sin rolle.

Innkjøpsstrategien er førande for alt innkjøpsarbeid i kommunen.

2 Status mai 2023

Vik kommune er med i innkjøpsamarbeidet [INSS \(Innkjøpsamarbeidet Nordfjord Sunnfjord og Sogn\)](#), og deltek på mange rammeavtalar der innkjøpsamarbeidet gjennomfører konkurransane. Kinn kommune si innkjøpsavdeling leiar dette arbeidet.

Vik kommune gjennomfører også ein del anbodskonkurransar med eigne tilsette, eller med hjelp frå tekniske rådgivarar som kommunen har rammeavtale med.

[IKT-samarbeidet som kommunen er med i, SYSIKT](#), har ansvaret for å lyse ut ein del konkurransar på programvare og IKT-utstyr. Vik kommune er også med på dei fleste av desse avtalane.

I tillegg er kommunen med på nokre avtalar [som følgje av samarbeidet i Sogn regionråd](#).

3 Utfordringar

Utfordringar som innkjøpsstrategien og innkjøpsreglementet skal bidra til å løysa:

- a) Me har for dårleg oversyn over gjeldande avtalar og kva varer og tenester dei gjeld.
- b) Det er få tilsette i kommunen som har kjennskap til prosessane rundt offentleg innkjøp.
- c) Me manglar brei forståing for at anbodskonkurransar krev mykje ressursar.
- d) For få kontraktar er tilgjengeleg gjennom e-handelsløysinga til kommunen.
- e) Me har ikkje prosedyrar og reglar for mottakskontroll av varer og tenester.
- f) Me er for lite lojale til rammeavtalar.
- g) Me har ikkje gode nok rutinar og prosedyrar for oppfølging av kontraktar.
- h) Me er ikkje gode nok på samfunns- og miljøsidene ved offentlege innkjøp.
- i) Kunnskapen om lokalt næringsliv er ikkje god nok.

4 Rammer

4.1 Lov om offentlege anskaffingar

«Lov om offentlige anskaffelser» og «Forskrift om offentlige anskaffelser» legg premissane for korleis offentlege innkjøp skal skje. Lov og forskrift gjeld for statlege, kommunale og fylkeskommunale verksemdar og offentleg rettslege organ.

Føremålet med lova (§ 1):

«Loven skal fremme effektiv bruk av samfunnets ressurser. Den skal bidra til at det offentlige opptrer med integritet, slik at allmennheten har tillit til at offentlige anskaffelser skjer på en samfunnstjenlig måte.»

Dei grunnleggjande prinsippa i lova (§ 4):

- Konkurransen.
- Likebehandling.
- Føreseielege konkurransar.
- At me kan etterprøve.
- At gjennomføring av konkurransar skjer i høve til verdi.

Offentleglova har også reglar for arbeid med anskaffingar. Den opnar for innsyn i prosessen og tilboda som vert gjeve. Føremålet er å sikre openheit om korleis det offentlege nyttar felles midlar, og gje tilbydarar høve til å gjere seg kjend med saka og retten til å klage.

4.2 Lokale vedtak

Alle som gjennomfører innkjøp må rette seg etter gjeldende strategi og reglement. Det same gjeld i høve vedtekne planar og andre føringar frå eigne folkevalde organ.

4.3 Forpliktande avtalar

Kommunen kan, på overordna nivå, inngå avtalar som kan påverke kva føringar og omsyn me skal ta i innkjøpa. Dei som gjennomfører innkjøp på vegner av kommunen skal difor rette seg etter slike avtalar. Innkjøpsansvarleg kan støtte og gi rettleiing.

5 Overordna mål

Vik kommune sine kjøp av varer og tenester skal være samfunnsansvarlege, miljøvenlege, kostnadseffektive og av god kvalitet.

6 Fokusområde

Fokusområda er lista opp i prioritert rekkefølge. Ved eventuell motstrid mellom mål og strategiar gjeld det fokusområde som er lista opp først.

6.1 Samfunnsansvar

Me som kjøper inn til offentlig sektor må vere medvitne om samfunnsansvaret vårt:

1. Me skal ikkje handle med useriøse aktørar, dei som undergrev rettferdig konkurranse og dei som ikkje respekterer arbeidarane sine rettar.
2. Me skal motarbeide svart økonomi, arbeidslivskriminalitet og sosial dumping.

Me skal:

- a) Leggje til grunn «Samarbeid mot svart økonomi» sine 10 strategiske grep i innkjøpa våre, vedlegg 1.
- b) Auke bruken av standardiserte kontraktar.
- c) Handle med samfunnsansvarlege leverandørar.

6.2 Miljøansvar

Me skal ha fokus på å vere miljø- og klimavennlege i innkjøpa.

Me skal:

- a) Vurdere klima- og miljømessige konsekvensar ved planlegging av kommunen sine anskaffingar der det er relevant (herunder kortreiste varer og tenester).
- b) Stille klimakrav til kommunen sine leverandørar der det er relevant.
- c) Finne løysingane som gir låg miljø- og klimabelastning ved å vurdere produkta sine livssyklus-kostnader (LCC) og utslepp (LCA – livsløpsanalyse).
- d) Velje miljømerka tenester/produkt i den grad det er mogeleg.
- e) Fase ut bruk av plastemballasje og plastprodukt for eingongsbruk. Me skal til dømes ikkje nytte eingongsprodukt som bestikk, glas sugerøyr og liknande som er laga av plast.

6.3 Gode og rette innkjøp

Me skal fokusere på gode og rette innkjøpsprosessar. Kvant innkjøp skal gje løysingar av god nok kvalitet til rett pris. Kompetente medarbeidarar er det beste verktøyet me har for å finne dei reelle behova, dei gode prosessane og dei rette produkta.

Me skal:

- a) Heve kompetansen til medarbeidarane.
- b) Planlegge godt og vurdere dei reelle behova.
- c) Auke bruken av tverrfaglege grupper ved større kjøp.
- d) Digitalisere meir.
- e) Auke bruken av standardiserte malar og offentleg rettleiingsmateriell.
- f) Sikre at vi har tilstrekkeleg kompetanse i innkjøpsfaget.
- g) Auke fokus på etterkontroll av gjennomførte kjøp.
- h) Der målform er aktuelt skal leverandørar som kan levere på nynorsk føretrekkjast, så langt det let seg gjera innafor regelverket.

6.4 Lokalt næringsliv

Me skal leggje til rette for å inkludere lokalt næringsliv gjennom å nytte handlingsrommet i regelverket.

Me skal:

- a) Gjennomføre kjøp med fleire delar/fasar, slik at mindre/lokale verksemder kan delta.
- b) Leggje til rette for lokale små- og mellomstore verksemder ved å inngå parallelle rammeavtalar der små- og mellomstore verksemder har høve til å tilby delar av etterspurd teneste-/varespekter.
- c) Bruke reserverte kontraktar der det er tenleg.
- d) Delta i brukargrupper dersom konkurransen blir gjennomført i innkjøpsamarbeid, slik at me sikrar at det vert teke omsyn til lokalt næringsliv i anbodsgrunnlaget.
- e) Vurdere gjennomføring lokalt framfor gjennomføring i større samarbeid.
- f) Opne for knoppskyting gjennom oppdrag særleg tilpassa nye og mindre verksemder, verksemder med tilrettelagde arbeidsplassar og grunderverksemder. Dette er særskilt aktuelt ved mindre oppdrag og der kommunen kan ta ein høgare risiko.
- g) Nytt kortare avtaletid enn maksimalt (som normalt er 4 år) med prolongering framfor å nytte maksimal løpetid ved utlysing av kontraktar.
- h) Gjennomføre konferansar med næringslivet for å syne korleis vi arbeider og kva vi planlegg å kjøpe.
- i) Saman med Vestland fylkeskommune gjennomføre leverandørutvikling med lokale verksemder. Det kan i større grad kvalifisere dei til å delta.

6.5 Avtalelojalitet og volumgevinst

Me sparer mykje på gode prosessar og rammeavtalar som gir avslag ved kjøp av større volum. Som ei følgje av dette må me vere lojale mot avtalane. Når nokon kjøper ei vare eller teneste

av andre enn dei me har avtale med, bryt vi avtalen. Dette kan få store økonomiske konsekvensar for oss. Me vil at næringsliv og leverandørar skal oppleve Vik kommune som ein profesjonell part.

Me skal:

- a) Auke kompetansen til leiarar og medarbeidarar.
- b) Betre totaloversynet over avtalar me er med på og kva varer og tenester dei gjeld.

6.6 Samarbeid

Anbudskonkurransar er svært ressurskrevjande, og Vik kommune har berre ein liten brøk av ei stilling tilgjengeleg til dette arbeidet. For å sikre tilgang på kompetanse og ressursar skal kommunen delta i eitt eller fleire innkjøpssamarbeid.

Me skal:

- a) Delta i minst eitt innkjøpssamarbeid i geografisk nær tilknytning til Vik kommune.
- b) Nytte eksterne avtalepartnarar til gjennomføring av konkurransar når dette er tenleg.
- c) Vere opne for nye moglegheiter i høve samarbeidspartar.

6.7 Innovative anskaffingar

Innovasjon handlar om å finne nye løysingar på kjende problem. Noko nytt som vert teke i bruk og skapar verdi. For kjøpar ligg verdien i reduserte kostnader eller auka inntekter.

Me skal legge til rette for innovasjon gjennom innkjøp samtidig som me oppnår gode løysingar som møter reelle behov.

Me skal:

- a) Klargjere behovet vårt og forvente at leverandørane kjem med gode, innovative løysingar.
- b) Gjennomføre førehandsvurdering i faggrupper før utlysing.

6.8 Oppfølging av kontraktar

Me må følgje opp kontraktane våre godt. Dette er ressurskrevjande og krev god dialog med leverandørane. Me må følgje opp under heile prosessen, og kontrollere leveransen. Slik kan me sikre at kommunen får gode og miljømessige varer og tenester av rett kvalitet, til rett pris og til rett tid.

Me skal:

- a) Bli betre til å kontrollere leveransar.
- b) Gjere det enklare å følgje opp kontraktar.
- c) Ta i bruk digitale hjelpemiddel og prosedyrar for å bli betre i kontrollarbeidet.

7 Ansvarsdeling

7.1 Innkjøpsansvarleg

Innkjøpsansvarleg er sentral i å styre, støtte og utvikle kommunen sine innkjøp.

Innkjøpsansvarleg sitt ansvar er:

- a) Vere prosessleiar ved anbudsprosessar som kommunen gjennomfører lokalt med eigne tilsette.
- b) Saman med kommunalsjef samfunn næring og kultur og Sogn næring, ha tett dialog med lokalt og regionalt næringsliv.
- c) Utvikle kommunen sin innkjøpsstrategi, prosedyrar og reglement.
- d) Sikre at tenesteleiarane følgjer lov, forskrift, innkjøpsstrategi og innkjøpsreglement.
- e) Ha dialog med innkjøpsamarbeid kommunen deltek i.
- f) Følgje opp kontraktar som gjeld heile kommunen.

7.2 Leiarar

Kommunen sine leiarar skal følgje strategien. Dei har ansvar for:

- a) Gjere seg kjent med strategien og formidle den til dei tilsette.
- b) Sikre at sektoren/tenesta følgjer lov, forskrift, strategi og reglement.
- c) Sikre at kjøp skjer i tråd med vedteke budsjett og fullmakt.
- d) Sikre at kjøp skjer etter avtalar kommunen er med i.
- e) Søkje råd og rettleiing frå innkjøpsansvarleg når dei er i tvil.
- f) Følgje opp kontraktar innanfor sitt fagområde.

8 Aktuelle lenker

- <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/veileder-offentlige-anskaffelser/id2581234/>
- <https://anskaffelser.no/>
- <http://www.inss.no/>
- <https://www.sysikt.no/>
- <https://www.sogn.regionraad.no/framsida.159325.nn.html>